GOL OG HEMSEDAL

# Kyrkjeblad

Nr. 6 Desember 2018 69. årgang

## INNHALD

Min salme ....................................2
Julebetraktning ...........................3
Den gong då ................................3
Cracium fericit - God Jul .............4
Helmax Helaften .........................5
KA-dag.........................................5
Intervju - Sigrid Løvdokken .....6-7
Set ditt preg på kyrkja di! ............8
Organistskifte i Hemsedal ..........9
Ny prost i Hallingdal.................10
Trusopplæringa ........................11
Viktig melding, lytt på radio!..12-13
Russisk mannskonsert ...............13
Gudstenester ............................15
Julegavetips ..............................16



# MIN SALME

## Gunn Kirkebøen



Gunn Kirkebøen er regnskapsmedarbeider, bor på Torsetsida i Hemsedal og velger seg «Deilig er den himmel blå» som sin julesalme. Den er så fin og glad forteller hun på telefon, en stivfrossen og skinnende lørdagsmorgen.

TEKST: **SØLVI AALRUST** FOTO: **PRIVAT**

Gunn bodde og jobbet mange år i Oslo, før hun tok med seg Vidar fra Lørenskog og flyttet tilbake til hjembygda. Jeg likte meg godt i Oslo sier hun, men jeg føler det er bedre å bli gammel i Hemsedal og det er godt å være tilbake. Ikke savner jeg noe heller, vi har alt vi trenger her oppe, og det er mange gode kultur- og fritidstilbud.

Salmen knytter henne til juletida og spesielt julaften hjemme med julesang og gang rundt treet. Vi gikk alltid rundt treet julaften og «Deilig er den himmel blå» var en av de fineste julesangene syntes jeg. Noen dager seinere startet juletrefestene og igjen var det julesangene og gangen rundt treet som var det morsomste. Ja, vi er nok mange som husker juletrefestene med glede – det er vi skjønt enige om!

Jeg vil få utfordre Nina Vøllo som den neste fra Hemsedal til å velge sin salme.

### Deilig er den himmel blå

**T**: Nikolai Frederik Severin Grundtvig
**M**: Breslau

Deilig er den himmel blå,
lyst det er å se derpå,
hvor de gylne stjerner blinker,
hvor de smiler, hvor de vinker,
|: oss fra jorden opp til seg :|

Det var midt i julenatt,
hver en stjerne glimtet matt;
da med ett der ble å skue
en så klar på himlens bue
|: som en liten stjernesol :|

Når den stjerne lys og blid
lot seg se ved midnatts tid,
var det varslet i Guds rike
at en konge uten like
|: skulle fødes på vår jord :|

Stjernen ledet vise menn
til den Herre Kristus hen.
Vi har og en ledestjerne,
og når vi den følger gjerne,
|: kommer vi til Jesus Krist :|

Denne stjerne lys og mild,
som kan aldri lede vill,
er hans guddomsord det klare,
som han lot oss åpenbare
|: for å lyse for vår fot :|


## GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

**Antall nr.:** 6 nummer i året
**Utgjevar:** Sokneråda i Gol og Hemsedal prestegjeld
**Redaksjon:** Kjell Slåtten, Kjetil Th Storebråten, Sølvi Larsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen, Kristine Viko, Anders Solbakken, Ludvig Munkejord.

**Ekspedisjon:** Kyrkjekontoret 3550 Gol
**Kasserar:** Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
**Bankgiro:** Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097
**E-post:** oaalrust@online.no




## GOL, HERAD OG HEMSEDAL

**GOL KYRKJEKONTOR**
**Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00**
Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

**Kyrkjeverje: Anne Gerd Jorde**
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
Fridag torsdagar.

**Sokneprest: Jan Olav Skinnemoen**
Dir.tlf. 32 02 91 37 • Mobil: 952 75 312
jan.olav.skinnemoen@gol.kommune.no
Måndag: Fridag.

**Diakon: Martha Frøyland**
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

**Organist: Justin Vickery**
Tlf. 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

**Sekretær: Thorunn Haugo**
Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag, onsdag og torsdag

**Kyrkjetenarar:**
**Ludvig Munkejord** Tlf.: 911 22 763
**Knut Ole Klepp** Tlf.: 906 58 761

**Trusopplærar for Gol og Hemsedal:**
**Britt Marie Haraldset Hafsås** Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

**HEMSEDAL KYRKJEKONTOR**
**Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00**
**fredag 9.00–12.00**

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

**Kyrkjeverje: Kjetil Th. Storebråten**
Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

**Sokneprest: Camilla Osnes**
Mobil: 977 15 677 Måndag: Fridag.
camilla.osnes@hemsedal.kommune.no

**Organist: Mikael Søndergaard Christensen**
Tlf: +45 284 56 959 (Dansk mob)
lutemusic@gmail.com

**Kantor: Peter Rødel**
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

**Kyrkjetenar: Wilfried Westera**
Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

**Gravplassen: Hans Vidar Sørensen**
Tlf: 911 76 827

**Sokneråda:**
**Herad:** **Leiar Gunn Astrid Frøysok**
Tlf. 990 34 376

**Gol:** **Leiar Trygve Lono Smedsgård**
Tlf.: 900 63 161

**Hemsedal:** **Leiar Sissel Rudningen**
Tlf: 419 35 246

**Fellesråda:**
**Gol:** **Leiar Ola Grønseth**
Tlf. 920 97 939

**Hemsedal:** **Leiar Unni Bjørke**
Tlf. 906 54 701

**Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:**
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

# Gud tar det om igjen

**_Aldri har vi vært mer opptatt av gjenbruk enn det vi er i dag, og forhåpentligvis vil flere av oss denne julen kunne pakke opp gamle ting som har fått nytt liv. Overraskende nok er gjenbruk sentalt også i budskapet som når oss fra den første julen._**


ANDAKT

JAN OTTO MYRSETH




To av Bibelens bøker starter med ordene «I begynnelsen». I Bibelens første bok, 1. Mosebok, får vi høre om hvordan alt blir til ved Guds skapende ord. Han talte, og det stod der. Han bød, og det skjedde.

Og i Juledagens evangelium, i Johannesevangeliets første kapittel, hører vi: I begynnelsen var Ordet.

Julenatt skjer en ny begynnelse. Gud skaper på nytt ved sitt levende Ord. Men den nye skapelsen skjer ikke fra scratch, fra ingenting, som om det ikke var noe der fra før. Nei, Gud skaper på nytt med det samme materialet, omtrent som når pottemakeren ved dreieskiva gjør et nytt forsøk på å forme leirklumpen til en vakker krukke.

*Recapitulatio* er et nøkkelord hos kirkefaderen Ireneus fra Lyon (død ca 203). Det betyr omtrent det samme som å ta om igjen.

I julens budskap om Gud som ble menneske ligger tematikken fra Ireneus om recapitulatio som en dyp anerkjennelse av menneskelivet. I Marias morsliv blir Gud og menneske ett, i en befruktet celle. Slik sier Gud et sterkt og høylydt JA til det menneskelige, til det materialet vi er laget av. Gud er ikke tilhenger av bruk-og-kast, men av redesign. Ireneus' utgangspunkt var ordet fra Efeserbrevet, der det heter at Gud ville fullføre sin frelsesplan i tidens fylde:
*å sammenfatte alt i Kristus,*
*alt i himmel og på jord i ham. (Ef 1,10)*

Det livet som var blitt så håpløst splittet, helheten som var så hjerteknusende ødelagt, bildet som var smadret i tusen biter, dette, sier Ireneus, ville Gud redesigne. Ved å samle alt til ett i Kristus, han som omfavner hele verden. En kjærlighetens omfavnelse som forener den synlige og den usynlige verden.

*For så høyt har Gud elsket verden at han ga sin Sønn … (Joh 3,16).*

Gud har ikke sviktet eller oppgitt verden. Vi må aldri resignere eller bli passive, men ta vare på håpet.

Dette er Julenattens kraftfulle budskap til oss. Gud gir framtid og håp. Han har ikke gitt deg opp, men vil nyskape og forvandle og forme ditt liv etter bildet av sin Sønn, Jesus.

Gledelig jul!

# Den gong då...

Dei fyrste 25 åra var det soknepresten som var redaktør og einmannsredaksjon av Kyrkjebladet. Han skreiv ikkje alt eigenhendig, men det var han som var ansvarleg for at bladet vart fylt og at det kom ut. Sokneprestar var Johannes Ødne og Borgar Holte.

Frå august 1974 vart Einar Tveit tilsett som ny sokneprest i Gol og Hemsedal. I ein kort overgangsperiode var då kateket Ola Totland redaktør av bladet, før den nye soknepresten overtok redaktøransvaret frå nyttår 1975. Tveit kjende tidleg behov for å fordele litt av ansvaret. Kateketen vart trekt inn som redaksjonssekretær, og frå nummer 1 i 1975 eksisterer det for fyrste gong ei bladnemnd. Bladnemnda møttest ikkje fast før kvart nytt nummer, men kom saman ein gong iblant til "idédugnad". Medlemmene skreiv i liten grad stoff sjølve.

Det skjedde også endringar med sjølve bladet. Fram til julenummeret i 1974 hadde det hatt fast fire sider. Då vart sidetalet dobla til åtte. Frå fyrste nummer i 1975 får bladet også større format, til det same som i dag. Fram til då hadde det vore noko mindre. Den påfølgjande tida varierer sidetalet mellom fire og åtte.

TILBAKEBLIKK: **KJELL SLÅTTEN**



GOL OG HEMSEDAL MENIGHETSBLAD 3

Gol og Hemsedal Menighetsblad

Gol trykk

## Kyrkje og politikk

«Kyrkja» er blitt kritisert fordi ho *ikkje* er politisk engasjert. For, seier gjerne kritikken, ho skulle vera ein talsmann for *rettferd*, og det kan ho ikkje dersom ho ikkje er interessert i samfunnspolitiske spørsmål. Hevdar ein.

«Kyrkja» er blitt kritisert fordi ho *har* engasjert seg i politiske spørsmål. For, seier desse kritikarane, ho skulle vera ein talsmann for fred, og forkynna åndelege verdiar. Men skal ho forkynna fred, kan ho ikkje sjølv engasjera seg i politisk strid, og skal ho vera ein formidlar av åndelege verdiar, så kan ho ikkje leggja seg bort i verdslege samfunnssaker. Blir det sagt.

Og så synest det som at «kyrkja» står der Jesus stod, då han skulle svara på spørsmålet: «Er det rett å gi keisaren skatt, eller er det ikkje?» — Og dei kritiske spørsmålsstillarane meinte at han skulle vera fanga, anten han svara ja eller nei.

Kva skal så «kyrkja» gjera?

Ho gjer sikkert rett i å gi seg tid til å høyra på kritikken. Men ikkje å la seg forleida av han. For det er ikkje kritikarane av kyrkja som er sette til å gi henne oppdrag om kva ho skal gjera og seia, og kva ikkje. — Det er oppdragsgjevaren, kyrkja sin Herre — som gir henne både mandat og oppdrag.

Kort samanfatta, kan me seia at det oppdraget kyrkja har fått av sin Herre, er å forkynna Guds Lov og Guds Evangelium for menneskja.

Når kyrkja så forkynner Guds Lov, vil denne ha aktualitet for menneskja i det samfunn dei skal leva og virka i. Derfor må ei rett lovforkynning også appellera til den måten folk skal handla og ferdast på i deira politiske tilhøve. — Men partipolitikk er det ikkje kyrkja si sak å bedriva. Heller ikkje å gi det eine, rette kristelege svar på inngåande politiske spørsmål. — Dersom kyrkja gjorde det, ville ho eta vatn over hovudet, ho ville gi seg til å svara på ting som ho ikkje har faglege føresetnader til, ho ville «opptre rent dilettantisk», som biskop Lønning så riktig karakteriserte det ein gong. — Det kyrkja må forkynna, er alltid at menneskja må handla moralsk forsvarleg, og med eit reint samvit i sine livstilhøve, anten det er politiske eller det er private forhold det gjeld.

Dermed vil kyrkja tala «politisk», men ikkje «partipolitisk».

Men kyrkja sine medlemer må innafor denne råma — å handla moralsk forsvarleg og med reint samvit — ha rett til å finna det parti som ein best meiner kan vera til gagn med å fremja rettferd, trivsel og kristen moralsk ferd blant folket. — Det vil derfor vera naturleg å finna kristne innan fleire parti. Berre ein ting kan ikkje forsvarast kristeleg: At partipolitikk for ein kristen veg meir enn hans lydnad mot sin rette herre: Kristus.

Den andre oppgåva kyrkja har fått frå sin Herre, er å forkynna Evangeliet.

Det vil seia å ropa ut Guds frelsande ord om Nåde, evig liv og Frelse i Jesus Kristus — og at alle menneske får tilbod om å venda om til Kristus og tru på Han og ta imot Liv og Frelse frå han.

Mange av dei kyrkjekritikarane som hevdar at ho er for lite politisk og sosialt engasjert, overser visst så å seia heilt og fullt at dette er kyrkja si aller fyrste oppgåve frå sin HERRE. — Og ingje menneske kan få kyrkja til å vika av frå det oppdraget. — Dersom det skjer, eller i same grad som det skjer, sluttar ho å vera kyrkja.

For Guds faste kyrkje-grunnvoll blir ståande, og har dette innsegl:

«Herren kjenner sine», og «Kvar den som kallar på Herrens namn, skal halda seg frå urettferd». (2. Tim. 2, 19.)

E.T.

### «E G !»

Det er kanskje berre ein ureflektert uvane. Men det er vitterleg altfor mange menneske som startar dei fleste svar eller innlegg i ein samtale med dette ordet.

Eksempelvis går ofte ein samtale omtrent slik: Fru A møter fru B. Fru A kjem nett frå eit besøk hos ein felles kjenn. Så seier fru A:

«I dag besøkte eg fru Berg. Eg måtte beundra dei vakre genserne ho heldt på å strikka til barnebarna.»

Fru B: «*Eg* har hatt så vondt i eine handa, så eg har ikkje fått strikka noko på lenge. Det siste eg har strikka var eit par votter til Lars . . . .»

Fru B var ikkje interessert i gamle, traure fru Berg. Ho berre høyrte ordet «strikka», og nytta det som springbrett til å få snakke om seg sjølv.

Eller Per har vore på besøk hos han Ole, som har hatt ein hard bronkitt-forkjølelse. Då Per treffer Hans, vil han gjerne fortelja korleis det er med han Ole: «Ole var glad for å få besøk i dag, han har ikkje vert om dør på over to veker for den slemme bronkitten. . . .» Lenger kjem ikkje Per, for Hans avbryt han: «*Eg* har heldigvis sloppe forkjølinga enno, men ifjor var eg ille plaga, eg trudde aldri eg skulle bli god att . . . .»

Hans brydde seg ikkje det minste om han Ole, berre nytta fyrste høvet til å få snakka om seg sjølv, om seg og sitt. . . .

Neste gong vi er freista til å avbryta ein eller annan med: «Men eg . . . .» skulle vi heller tenkja ois om, og sei til oss sjølve: *No er du egosentrisk! Og det er synd!*

«Elsk din neste, du kristensjel . . . .»

Og den vi elskar, talar vi om med varsemd og med hjartelag.

*Fritt etter O. F. T.*




# Cracium fericit - God jul!

TEKST: **SØLVI AALRUST**
FOTO: **KJETIL TH. STOREBRÅTEN**

**Kjenner du dette språket – visste du at i Hemsedal sitter det en kar som skriver julekort hele året?**

Vi åpner ytterdøra på Haugentunet i Hemsedal og kikker bortover en innbydende gang, hvilken dør mon tro? "Velkommen", lyder det til venstre, og der står Einar Thorset og ber oss inn. Lyst og trivelig, med utsikt mot elva og den nye Høgt og Lågt-parken. "Du kan jo zippe rett over," mener vi.

### Begynnelsen

- Jeg var på et foredrag om «Misjon uten grenser» på 90-tallet, og bestemte meg for at dette ville jeg støtte. Jeg meldte meg som fast giver. Det er en organisasjon på tvers av kirkesamfunn som går inn og støtter fattige med mat, klær og skole, forteller Einar.

- Foreningen arrangerer også turer en kan melde seg på, og jeg har til nå vært av gårde på 17 turer og besøkt barnehjem. Jeg har vært i Moldova, Ukraina, Albania, Bosnia og Bulgaria.

### Julekortskriving

- Jeg ville sende en hilsen til barna som bor på barnehjem, en hilsen til jul. Derfor skriver jeg på rumensk og innleder hvert kort med Drag Prieten – kjære venn. Så ønsker jeg god jul og godt nyttår, Jesus er glad i deg og avslutter med Mange hilsener.


*Einar Thorset er alt i gang med å skrive julekort som skal sendes i 2019.*

### "Goffa" til 2000

- Hvor mange kort blir det, undrer vi.
- Noe mellom 1500 og 2000, forteller Einar. Imponerende!

Han forteller at på en av turene nedover kom ei lita jente løpende og ville vise fram kortet hun hadde fått til jul. Det var stort, med en personlig hilsen fra Norge.
- Det var rørende, og det viser at hilsenen betyr noe, sier Einar.

### Har du kort å gi bort?

Einar tar gjerne imot kort du har liggende og som er til overs. Han kan bruke alle typer kort, julekort og andre. Kortene kan du levere inn på Kyrkjekontoret i Gol eller Hemsedal.

***Cracium fericit, Amou fericit!***
***Multi Salitari – Kyrkjebladet***

***God jul, godt nyttår!***
***Mange hilsener – Kyrkjebladet***



*Einar skriver mellom 1500 og 2000 julekort hvert år.*

TEKST & FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS**

# HELMAX HELAFTEN

Stig Morten Seierstad frå Marita-stiftelsen var eit fyrverkeri som fenga hallingdals-ungdomen på Gol bedehus ein laurdags-kveld i oktober. Han fortalte si sterke historie med humor og glimt i auge, men likevel ei alvorleg undertone. Han avrunda med å gi ungdomen ein viktig bodskap – «Du duger! Du er akkurat den du skal vere!»

Tidlegare på kvelden hadde magen blitt fylt opp med taco, før ein hadde fått testa konkurranseinstinktet litt. Seinare vart det tid til aktivitet, kake og is, og kanskje sjekke opp ein gut eller ei jente frå ei anna kommune? Ca 55 ungdomar frå ulike stader i Hallingdal var komne til Gol denne kvelden, og det virka som dei reiste godt nøgde heim.



*Det var god stemning på Gol bedehus denne oktoberkvelden.*



*Flåværingene var fyrst til tacobuffeten*



*Stig Morten Seierstad saman med Ida og Dina frå Ål*

TEKST & FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET HAFSÅS**

# KA-dag

Det har blitt ein god vane med KA-dag på Gol på skulen sin planleggingsdag i november.

1.-3.- klasse var i år invitert til aktivitetsdag 16. november. Nokon var med for tredje gong, andre var heilt ferske, men vi hadde med oss ein god gjeng.

I år var temaet «fellesskap», og vi snakka om at vi alle er viktige for fellesskapet, og at det er bra vi er ulike og kan hjelpe kvarandre med forskjellige ting.



*Lystenning under «takkevandring»*



*Alle måla sin bit av eit stort felles bilete*

Vi starta oppe i Gol kyrkje, der vi vart kjend med kvarandre, med kyrkja og med Ludvig kyrkjetener og Justin organist.

Vi avslutta i kyrkja med ei enkel bønnevandring, denne gongen med spesielt fokus på det vi var glade for, sidan vi hadde snakka om Abraham, og å vere velsigna av Gud. Kanskje vi kunne kalle det ei "takkevandring".

Derfrå gjekk vi saman med diakon Martha ned til den gule skulen og hadde 50-leik med kyrkjeverge Anne Gerd. På bedehuset hadde Sigrid, som jobbar frivillig på kjøkenet, kokt kakao som vi fekk til nista vår. Deretter var vi klare for meir bibelforteljing, litt film, forming og leik med Sunniva og Ingvild, som var med og hjelpte oss denne dagen.




TEKST: **JAN OLAV SKINNEMOEN**
FOTO: **LUDVIG MUNKEJORD**

# Sigrid Løvdokken
## *- Goling og Ecuadorianer!*

**Utstyrt med notatblokk, penn, Gyldendals store verdensatlas og kameramann møtte jeg Sigrid Løvdokken før hun i en alder av 82 år skal sette seg på nattbussen på vei til sitt andre fedreland, Ecuador.**



Jeg hadde skrevet ned noen spørsmål på forhånd, men jeg fant fort ut at jeg hadde nok med å notere! Sigrid har mye på hjertet:

Hvem skulle trodd at ei beskjeden jente fra Tuppeskogen på slutten av 60-tallet skulle reise til andre siden av kloden som misjonær!

**Kallet**
Veien dit begynte på søndagsskolen og Gol bedehus. Som ung jente hadde Sigrid en lengsel etter å følge Jesus. Etter framhaldsskolen fikk hun videre utdanning på skolen til Indremisjonen på Frekhaug ved Bergen, og der bestemte hun seg for alvor til å si ja til Jesus. Et misjonskall vokste fram, og utdanning som sykepleier ville komme godt med. Sigrid tok sykepleien på Bergen diakonissehjem og fikk et turnusår i Florø. Der var hennes faste arenaer sykehuset og bedehuset. En kveld talte en emissær over teksten i Matt. 9 om Jesus som forkynte evangeliet om Guds rike og helbredet syke mennesker. Jesus fikk inderlig medfølelse med folket og sa: «Høsten er stor, men arbeiderne få». Dette var ord som traff Sigrid. Skulle hun virkelig reise ut som misjonær? Hun som ikke hadde vært lenger enn til Sverige og kunne bare norsk!

Tilbake i Bergen som lærer på sykepleieskolen ga hun Gud en utfordring: Hvis jeg skal reise ut, må kretssekretæren være på møtet på bedehuset i kveld og ha tid til en samtale etter møtet! Gud tok tydeligvis utfordringen, og etter samtalen sendte Sigrid søknaden om misjonstjeneste og ble antatt som misjonær i 1967. Sigrid ble kalt til Ecuador, der Santalmisjonen ville starte arbeid. Det føltes som å kaste seg ut på 70 favners dyp!

Det var sterkt å ta farvel med far Torleif og mor Guro. De var blitt gamle, og Sigrid regnet ikke med å se sin far igjen i live, for perioden ute var på fire år. Han døde i 1972, og Sigrid kunne ikke komme heim til gravferda.

**Veien til Ecuador**
gikk først til misjonsskolen i Stjørdal i 1968 og så til språkskole i England. Hun måtte lære seg engelsk, for i Costa Rica skulle hun lære spansk med undervisning på engelsk! Sigrid måtte også ta et kurs i tropesykdommer og å trekke tenner, for det var stort behov for tannpleie!

Det var ei spent ung dame som landet på flyplassen i Guayaquil, og derfra reiste hun videre opp i Andesfjellene til området Cañar og fjell-landsbyen hun skulle bo i, Cuenca, 2560 m.o.h!

AVISUTKLIPP: **HALLINGDØLEN**



**Misjonær-innvielse**

I GOL KIRKE SØNDAG 20. OKTOBER KL. 11.00.

Diakonisse Sigrid Løvdokken innvies til misjonstjeneste i Equador i Sør-Amerika. — Tale av sokneprest Røstad. Generalsekretær Kjølberg og sokneprest Holte m. fl. deltar. Sang av sykepleie-elever fra Bergen og Menighetskoret. — Offer.

Gol Bedehus kl. 15,30: MISJONSFEST

Søster Sigrid og ovennevnte talere blir med. Sang av Astrid Smette. Gol Ungdomsmusikk. — Bevertning. — Misjonsgave.

Etter gudstjenesten fellesmiddag på Granheim Pensjonat. De som ønsker å være med, melder fra i tlf. 56 eller Granheim Pensjonat.



**Misjonær-vigsle i Gol kyrkje**

Det var ei gripande høgtid i Gol kyrkje sundag då diakonisse Sigrid Løvdokken vart vigd til misjonær. Denne handlinga gjekk for seg ved avslutninga av gudstenesta og vart opna med bøn om velsigning. Etter skriftlesing av fleire representantar for Santalmisjonen kom Sigrid Løvdokken fram til altarringen og fekk si innviing. Formannen i Santalmisjonens landsstyre, sokneprest J. Røstad, heldt innviingstalen.

Søster Sigrid hadde fått Guds kall til å reise ut, og i lang tid hadde ho budd seg til denne gjerninga, sa Røstad bl. a. Ho ville finne at det ikkje alltid var lett å utføre oppdraget. Vanskelege dagar kan koma, men tap ikkje motet. — Sjå deg av og til attende til denne dagen. Den skal gi deg kraft. Vi sender deg ut med ei inderleg bøn til Herren om å vera deg nær, sa sokneprest Røstad.

Det var godt frammøte i kyrkja, og forutan folk frå Santalmisjonens landsstyre og krets, var bl. a. 16 elevar frå andre årskull ved Bergens diakonissehjem til stades, saman med instruksjonssøstrene sine, og dei song under vigslehøgtida.

Som før nemnt skal Sigrid Løvdokken til Equador i Sør-Amerika — eit nytt felt for norsk misjon, så det blir på mange måtar eit nybrotsarbeid den unge misjonæren frå Gol skal vera med på.

**Arbeidet til Sigrid**
var ambulerende helsetjeneste og misjonstjeneste. Sigrid skjønte raskt at hun måtte ta et kurs i jordmortjeneste også! Mange kvinner måtte føde under enkle og vanskelige forhold, og Sigrid har ikke tall på alle barn hun har tatt imot. En gang var hun med på åtte fødsler på èn dag! Det hendte at barnet ikke overlevde fødselen, men, sier Sigrid med et smil, vi mista ikke en eneste kone!

I 1973 var det en stor dag da Santalmisjonen fikk klinikk, og som misjonær måtte hun gjøre alt: administrasjon, sette vaksiner, sy sting, stelle sår og holde andakter. Det var dårlig med elektrisitet, og hun måtte alltid ha et stearinlys for hånda når strømmen gikk! Faren var stor for å bli smitta av livstruende bakterier, og i 1977 ble hun selv svært syk og var sykemeldt i to og en halv måned.
Hygienen var viktig, og egget måtte stekes på begge sider!

Når hun var på hjemmebesøk, brukte hun jeep og sykebil. Veiene var dårlige og rasfarlige. Når veien var stengt i timevis, tenkte hun at det er godt at ikke mor og far ser meg nå! Jeg spør om hun har vært skikkelig redd. Svaret overrasker, for hun sier at prester i den katolske kirka hadde stor makt og skapte problemer for arbeidet deres. De hisset opp indianere mot misjonærene, og en gang Sigrid var ute på oppdrag, angrep mange indianere dem og prøvde å få dem ut av bilen. De var i livsfare, men Sigrid trøstet seg med Filipperne 4, hvor det står at vi ikke skal være bekymret men legge alt fram for Gud. Han skal bevare oss. «Ja, Jesus har vært god mot meg. Jeg kunne aldri vært der uten Jesus!» Men indianerne tok også godt imot dem, og Sigrid har fått mange gode venner og lært seg indianerspråket Quichua.



**Aktiv pensjonist**
kommer nok Sigrid alltid til å være. Hun har ikke tall på alle gangene hun har reist til Ecuador. Da Santalmisjonen, nå Normisjon, avslutta sitt arbeid der i år etter 50 års arbeid, er nå Sigrid tilknytta Ungdom i oppdrag! Ja, Sigrid må være evig ung med fortsatt et brennende misjonshjerte! I 2007 fikk hun kongens fortjenestemedalje for arbeidet sitt.

**Juleminner**
- Nå nærmer vi oss jul, Sigrid. Har du noen juleminner å dele med oss?
- Folket i Ecuador er svært religiøse, og til jul setter de opp store julekrybber overalt på offentlige plasser. De tar også med seg Jesusfiguren fra egen julekrybbe til kirka med bønn om velsignelse, og Maria har en svært sentral plass i folkets liv. Overalt er det pynta med glitrende lys i alle farger. Julenatt er det stor «hanegalmesse» og feiring av Jesu fødsel. Da synger de også «Noche de Paz» - «Glade jul»!

Julematen er festmåltid med suppe, griljerte marsvin, stekt kanin eller svin med frukt til dessert. Det er ikke lov å hogge trær, så gang rundt treet har de ikke, men alle elsker å danse! Et godt juleminne er når hun har vært på skoler med juleevangeliet, karameller og kjeks. Du skulle sett alle de glade barna! Sigrid vil hilse oss med engelens ord: «Og dette skal dere ha til tegn: Dere skal finne et barn som er svøpt og ligger i ei krybbe». Tegnet er barnet Gud sendte til frelse for alle mennesker.

Jeg er ydmyk, takknemlig og imponert over møtet med Sigrid. Etter samtalen vår skal hun hente kofferten for å sette seg på nattbussen, ta en flytur på femten timer og så tre timer i bil opp til sitt enkle bosted hos sine indianervenner og feire jul i Cañar. Hvis alt går etter planen, kommer hun tilbake til Gol 1. juni neste år.

Felice navidad, Senjorita Sigrid og Ecuador!

# Basar

til inntekt for barne og ungdomsarbeidet
i Hemsedal Kyrkjelyd



Kyrkjestugo i Hemsedal
Dato: Fredag 8. Februar
Kl. 18.00

## Flotte gevinstar!

DEN NORSKE KYRKJA
HEMSEDAL

Arr.: Einar Thorset og Helge H. Hafsås
I samarbeid med Hemsedal Sokneråd



**Kyrkjeskyss Gol/Herad**

Treng du skyss for å komme deg til gudsteneste i juletida? Vi ynskjer at alle som vil komme til gudsteneste skal få moglegheit til det.

Dei som ynskjer kyrkjeskyss, kan ringe 47627663 nokon dagar i forvegen. Da vil vi så langt som råd sørge for å hente og bringe frå dør til dør.

Skysstilbodet er gratis.

# Sett ditt preg på kyrkja di

**Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra!**

KJELDE: **WWW.KYRKJEVALET.NO**

I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru.

Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval 9. september 2019. Kanskje skal du stilla til val? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

**Meir enn du trur**
Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabolaget kan du bety noko med dine haldningar og det du gjer. I Den norske kyrkja er det rom for mange meiningar, og det er rom for ulike vegar til tru. I trusfellesskapen er det rom for den trua du har og kanskje meir enn du trur.

Gudstenester, omsut for utsette menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk og aktivitetar for born, viser eit mangfold av tilbod – og behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

**Ta ansvar for kyrkja di**
Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

**To val**
Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til både soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

**Soknerådet**
Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvalting.

**Bispedømerådet**
I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

**Kandidatlister**
Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlister innan 30. april 2019. Alle kandidatlister er sette opp i prioritert rekkjefølgje.
Til dei regionale bispedømmerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant). I tillegg kan det koma lister frå andre nomineringsgrupper. Slike grupper kan ved å registrera seg innan 2. januar, søkja om økonomisk støtte til arbeidet sitt.

**Kva gjer soknerådet?**
Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

I Gol og Hemsedal vil soknerådet pluss 1 kommunal representant utgjera kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna. Dei har også personalansvar og tilset i ledige stillingar. Fellesråda har også med drift av kyrkjebygga og kyrkjegardane å gjera.

Gol og Herad sokneråd skal ha 8 medlemer pluss soknepresten. Både soknebråda og fellesrådet i Gol har 6-7 møter i året. Hemsedal sokneråd har 5 medlemmer pluss soknepresten, og ein vara som møter fast. Soknerådet har 10 møter i året og Fellesrådet 5-6 møter.

Medlemene er valde for fire år. Ei undersøking blant soknerådsmedlemer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meiningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på www.kyrkjevalet.no når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

**Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:**

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

# Skifte av organist i Hemsedal


FOTO: PRIVAT

Organist i Hemsedal Kjersti Hagen sluttar i stillinga frå 1. desember 2018. Kjersti har vore organist i Hemsedal i tre år. Ho sluttar fordi ho no flytter til Oslo. Kjersti har forutan å spela til vigsel, gravferd og gudsteneste osv. vore ei musikalsk drivkraft i kyrkjelyden. Spesielt salmekveldane ho har arrangert har vore gode og store opplevingar. Kjersti har i tillegg til å væra organist også vore songar og pianist.

*Kyrkjelyden takkar henne for tida som organist i Hemsedal, og ynskjer henne lukke til vidare.*

**Ny organist**
Mikael Søndergaard Christensen er eigentleg ikkje ny sidan han arbeidde frå 2014 til 2015 som organist i kyrkjelyden i Hemsedal. Då han slutta drog han tilbake til Danmark og fungerte som organist der. I sommar flytta han og familien attende til Hemsedal. Då det vart ledig stilling som organist søkte han og fekk denne. Mikael er alt godt i gang sidan han har vore vår faste vikar frå dei flytta attende. Men frå 1. desember 2018 er han fast tilsett. I tillegg til å traktera orgelet spelar han både gitar, lutt og piano.

*Me ynskjer Mikael og familien velkommen attende og lukke til i tenesta.*


FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

## Adventskonsert i Gol kyrkje

**Søndag 9. desember kl. 18.00**

Med kantor Justin Vickery og lokale kor, korps og solister. Det skal fremføres, blant annet, en koralfantasi av Vickery – «Folkefrelsar, til oss kom». Jan Olav Skinnemoen skal holde kort andakt og det blir fellessang.

Kollekt ved utgang.








TEKST: **KJETIL TH. STOREBRÅTEN**
FOTO: **UNNI TOBIASSEN LIE**



# Ny prost i Hallingdal

Den 7. november 2018 vart sokneprest i Dagali, Skurdalen, Hol og Hovet, Sveinung Hansen, utnemnt til ny prost i Hallingdal. Sveinung er 43 år gamal, og kjem frå Birkeland i Aust-Agder. Han vart utdanna cand theol i 2003, og vart vigsla som prest av biskop Ole Kristian Kvarme i 2004.

Han har vore prest i Lommedalen utanfor Oslo, der han fungerte som trusopplæringsprest i eit forsøksprosjekt frå Kyrkjerådet. Han har også arbeidd med omorganisering i kyrkja. Hansen har vore tilsett som sokneprest i Hol frå februar 2011, og kjenner Hallingdal Prosti godt.

Akkurat nå er har han eitt års permisjon frå stillinga for å vidareutdanna seg. Han er knytt opp mot Sjelesorginstituttet på Modum bad, og tek der pastoralklinisk utdanning med fordjuping i sjelesorg.

Sveinung er topp motivert for å ta fatt på oppgåva som prost for Hallingdal, men innrømmer at han både gruer og gleder seg til å ta fatt på oppgåva. Han er spent på si nye rolle og seier at han ynskjer å vera ein nær prost med tett kontakt til sokna. Målet hans er å få besøkt alle sokn så fort som muleg etter at han har byrja i stillinga.

Når han startar er enno ikkje avgjort, men han reknar med at han er i teneste i løpet av våren 2019.

Kyrkjebladet ynskjer den nye prosten vår lukke til i tenesta, og gler oss til å sjå og høyra meir frå han.

# To kyrkjer – eitt sokn

Slik stod det å lesa i Hallingdølen 13. november om Gol og Herad kyrkje. Som før skrive i kyrkjebladet så har Herad sokn og Gol sokn søkt bispedømmerådet om å slå seg saman til eitt sokn med eitt sokneråd. Alt arbeid vil bli som tidlegare, men det blir det same rådet som styrer arbeidet både i Herad og Gol. Det vil bli oppretta eit kyrkjeutval for kvar kyrkje. Samanslåinga skal gjelde frå 1. januar 2020.

Saka vart handsama i bispedømmerådet 5. november der samanslåinga vart godkjent. I skrivande stund har svaret berre kome muntleg frå bispekontoret. På nyåret vil vi koma attende til korleis den nye ordninga vil bli i praksis framover mot valet hausten 2019.

***- Kyrkjeverja i Gol***

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

Du finner oss i hele Hallingdal
Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

sb1.no/hallingdal • tlf. 815 03 202

# Velkommen til ope kyrkje i Adventstida



**Tysdag 4., 11. og 18. desember held Hemsedal kyrkje ope for stillheit og bøn frå kl.19-20. Kvelden avsluttast med taizebøn kl.20.**

Kyrkja kan vera med å gje eit fri-rom i kvardagen. Ein treng ikkje bli i kyrkja lenge for å få åndeleg luft. Kom hit ein gong i mellom, berre 5 min eller for ein heil time. Finn roa og gje plass til at noko som er større kan få plass i livet ditt.

**Kva er Taizebøn?**
Ei taizebøn består av song, tekstlesing, stillheit og vekselstlesing. Det er ei enkel liturgi med fokus på repetisjon og meditasjon. Vi syng enkle fraser som repeterast fleire gonger. Under taizebøna kan ein enten sitte i benken, på golvet eller bruke ein bønekrakk.

VELKOMEN!

# Trusopplæring i Gol og Hemsedal våren 2019



**Her er ei oversikt over trusopplæringstiltak våren 2019.**
**Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!**

## Gol og Herad

| Aldersgruppe | Tid | Aktivitet |
|---|---|---|
| 6- åringar | Sund. 17. mars kl. 11.00 | **Dåpsskule** – alle 6-åringar er velkomne! Gudsteneste i Gol kyrkje med utdeling av bok og diplom. I forkant blir det to kveldssamlingar, ei i Gol og ei i Herad kyrkje. |
| 1. klasse | Ein ettermiddag sist i april/først i mai | **Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøset.** |
| 3. klasse | Laurdag 18. – Sundag 19. mai | **Tårnagenthelg i Herad kyrkje.** Oppdrag i kyrkja laurdag ettermiddag og sundag føremiddag med gudsteneste kl. 11.00 |
| 6. klasse | 4 onsdagar i mars/april Kl 13.20 – 14.25 | **Kode B** For den som vil vite meir om BIBELEN |
| 7. klasse | Ein ettermiddag/kveld i juni | **Trusopplæring i naturen med tur.** |

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen, **Gullrekka** for 4–13 år på Bedehuset og **Amadeus**, ope hus for ungdom frå 8. trinn og oppover, på Bedehuset- sjå eigne annonsar. **Gol maxi-mini**, kor for born 4 – 11 år, på bedehuset annakvar måndag.



## Hemsedal

| Aldersgruppe | Tid | Aktivitet |
|---|---|---|
| 6- åringar | Sund. 10. mars kl. 11.00 | **Dåpsskule** – alle 6-åringar er velkomne! Gudsteneste i Hemsedal kyrkje med utdeling av bok og diplom. I forkant blir det to kveldssamlingar. |
| 1. klasse | Ein ettermiddag sist i april/først i mai | **Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøset.** |
| 2.-3. klasse | Laurdag 9. – Sundag 10. feb | **Tårnagenthelg i Hemsedal kyrkje.** Oppdrag i kyrkja laurdag ettermiddag og sundag føremiddag med gudsteneste kl 11. 00 |
| 6.-7. klasse | 4 onsdagar og fredagar i mai Kl. 13.30-15.00 | **Kode B** For den som vil vite meir om BIBELEN |

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Kyrkjestugo ca. annakvar onsdag kl 10-12 og **10-13** for 5.-7. klasse på Kyrkje-stugo ein fredag i månaden klokka 13.30-15.00 (sjå eiga annonse), **Sundagsskulen** for alle frå 4 år på Kyrkjestugo, **S-klubben** frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag, KRIK for 5.-8. klasse i Trøymshallen ca to fredagar i månaden, **Hemsedal Soul Children** for 5.-10. klasse annakvar onsdag på Kyrkjestugo, **KULH** på bedehuset laurdagskveldane frå 8. klasse og **Søndag for alle** tilpassa alle aldrar på Kyrkjestugo fyrste sundagen i månaden.

***Velkommen!***

**Britt Marie Haraldset Hafsås** Kyrkjelydspedagog i Gol og Hemsedal
951 22 136 / britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

SOLSTAD HOTELL
MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL
*Med den gode stemningen!*

TEKST & FOTO: **KJETIL TH. STOREBRÅTEN**




# "Viktig melding, lytt på radio!"

**Spenninga er til å ta og føle på. Alt må vera over på 55 minutt. Kyrkjelyden har førebudd seg i fleire dagar. No ventar alle på signalet om at messa er i gong. Organisten legg hendene på klaviaturet, og presten reinskar stemma endå ein gong.**

I oktober var kyrkjelyden i Hemsedal plukka ut til å vera kyrkje for heile Noreg. No var NRK kome til bygda, og gudstenesta skulle overførast på NRK P1.

Lydmann Ole Embrikgård har meir eller mindre budd i kyrkja dei siste dagane for å få alt på plass med lyden. Sokneprest Camilla Osnes har finpussa preika, og teke tida på alt som skal skje. Her gjeld det å halda tidsskjema! Hemsedalskoret har øvd så salmesongen skal bli stø og klar. Solistane tek endå ei gjennomkøyring rett før det heile byrjar.

**For tredje gong**

Så var messa endeleg i gong. Orgelet stemte i salmen "Gud du er rik". Så kunne sokneprest Camilla Osnes ynskje velkommen til kyrkjelyden, heile Radio-Noreg, samt Bygdaheimen i Hemsedal.

Dette var tredje gongen det vart overført messe på radio frå Hemsedal kyrkje. Førre gong var for nesten 10 år sidan. Så NRK-gudsteneste er ikkje kvardagskost.

Imponerande mange var komne til messe denne dagen. Hans-Ole Hummelvoll og Øystein Halvorsen frå NRK hadde i to dagar arbeidd med å få alt teknisk på plass og finpussa lyd og sendeplan.

Dagens preiketekst var forteljinga om Lasarus og den rike mannen. Lasarus betyr «Guds hjelpar», forklarte Camilla Osnes, og hadde festa seg ved at den rike mannen ikkje blir nemnd med namn, medan Lasarus vart nettopp det. Ho drog ein parallell til oktoberbarna, som me omtalar i generelle vendingar. Menneske som har eit namn, blir sett på som ein person og ikkje ei gruppe. Ho fortalde om den einslege mindreårige asylsøkjaren Josef Angar som kom til Noreg frå krig og terror i Afghanistan. Etter ei lang flukt til Noreg vart han etter kvart sendt ut att frå landet til ein uviss lagnad. Toler me denne uretten? Hadde me gjort det med vårt eige barn viss det hadde måtta flykte frå vårt land?

Camilla Osnes avslutta med ei bøn: Du elska meg fyrst Jesus. Rør ved hjartet mitt så det opnar seg, og eg kan gjengjelda den kjærleiken.

**Hektisk**

Mikael S. Christensen leidde an på gitar, og kyrkjelyden song etter preika «Da jeg trengte en neste var du der?» før Nora og Elida Wilson heldt fram med "Når sola går ned bakom fjellet".



*NRK har eit rullande studio med seg når dei overfører radiogudsteneste.*


*Øystein Halvorsen frå NRK miksar lyden, og held orden på teknikken.*


*Ole Embrikgård passa på at lyden i kyrkja vart perfekt.*

Organist Kjersti Hagen måtte springe opp og ned mellom piano og orgel for å rekke å spela på songar for koret og liturgiske ledd. På radio kan ein ikkje venta!

Endeleg ringde kyrkjeklokkene, og dirigent Tori Snerte og Hemsedalskoret drog i gong songen "Bridge over troubled water", med soknepresten sjølv som solist på dei siste versa. Klokka synte 11.55 då siste tonen stilna. Det gjekk bra. Alt var «taima og tilrettelagt».

Etterpå kunne alle slappe av i forvissing om at alt gjekk bra. Heile Noreg hadde fått kringkasta ei flott messe frå Hemsedal kyrkje.


Mange hadde møtt fram for å vera med på radiogudstenesta.


Hans-Ole Hummelvold t.v. og teknikar Øystein Halvorsen arbeider mange helger i året med å overføra gudstenester til radio.

**Kyrkjebladet ynskjer alle ei god jul og eit godt nytt år!**

TEKST & FOTO: **LUDVIG MUNKEJORD**

# Russisk mannskorkonsert

Det var ein sein, kald og mørk sundagskveld på tampen av oktober. Kyrkja i Gol hadde annonsert konsert med eit russisk mannskor, eller heilt presis : «Nikolsky Male Ensemble». Koret var berre fire karar, så kanskje nokon vart litt snurt om dei hadde tenkt seg eit mannskor med titals medlemmer. Men heilt frå fyrste tone skjønte alle at dette ikkje var noko å vere snurt av. Det var fire karar med fantastiske stemmer og flott klang. I det heile ei oppleving av både russisk religiøs musikk og av russiske folketonar, kvar i sin bolk. Ei halvannan times oppleving av musikalsk kvalitet og intensitet som me sjeldan høyrer her oppe i dalføra våre.

Det var ein godt besøkt konsert, og kyrkja i Gol har ein akustikk som er svært godt eigna til slike konsertar. Så neste gong du ser ei konsertannonse frå kyrkja – så sjå om du ikkje har tid til å ta ein tur oppom ei kveldsstund.



# KUNNGJERINGAR

## DØYPTE

**Gol kyrkje:**
28.10.18 Olav Tuv Wiklund

**Herad kyrkje:**
21.10.18 Emma Othilie Andreassen
21.10.18 Lily Nyborg Dahlen
18.11.18 Ivar Espedokken

**Hemsedal**
28.10.18 Theo Kvannefoss Wright

## Julaften for alle

**Gratis rusfritt arrangement for alle som ønsker å feire juleaften med andre mennesker.**

Sted: Helselagsstugu, Breidokkgutu 10
Dørene åpnes kl.15, og det blir middag, kake, gang rundt juletre og underholdning.

Påmelding til Trond Johansen på Frivilligsentralen, enten på mobil 97003509 eller e-post frigol@online.no
Påmeldingsfrist: Torsdag 20. des.

*Velkommen også til en «før-julskveld» for å bli kjent med dem man skal feire juleaften med: onsdag 19. des. kl.18*

Kyrkjebladet minner om Innsamlingsaksjonen til restaurering av kyrkjeorgelet i Hemsedal.

Ynskjer du å bidra til å vedlikehalde det unike, gamle A.Nielsen-orgelet, så gje di gåve til konto nr.: 2367.20.49482

## AMADEUS

Ope hus for ungdom frå 8.kl og oppover.
Gol Bedehus annakvar laurdag
kl 19.30 – 22.00:

**19. jan, 2. feb, 16. feb, 2. mars, 16. mars, 6. apr, 27. apr, 4. mai, 25. mai, 15. juni.**

*Arr: Den norske kyrkje – Gol og Herad*

## VIGDE

**Oset kapell:**
10.11.18 Tone Bø og Trond Johannessen

**Hemsedal Kyrkje**
27.10.18 Margaret Grønseth og Jon Aude Erichsen

## GULLrekka

Fredag 18. januar startar Gullrekka opp att etter jul! Barn i alle aldre, med og uten foreldre,er velkommen til spennende aktiviteter på Gol bedehus:

18. jan
15. feb
15. mars
**17. mars***
5. april
24- mai

Kl.16.30: Taco (60/40 kr)
Kl.17.30: Felles samling
Kl.17.45-19.30: Aktiviteter for barn opp til 13 år i aldersdelte grupper

***Sundag 17. mars deltek vi på gudsteneste i Gol kyrkje**
Acta – Normisjonen, Søndagsskolen Sprell Levende og Den Norske Kyrkje – Gol og Herad

## 10-13

Alle i 5.-7. klasse er velkomne på 10-13 på Kyrkjestugo i Hemsedal fredagar kl 13.30-15.00!

**Datoar vinter/vår 2019:**
**25. jan, 22. feb, 19. mars og 14. juni.**

## Baby- og småbarnssang

**Oppstart torsdag 31. januar kl 10.00, deretter 10 torsdagar.**

**På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol**
**Sang, dans, leik i tilpassa grupper – for babyar og litt større småbarn**

**Felles lunsj**
**Påmelding til Marta Maria Espeseth, tlf. 481 19 763**

**Pris 380 kr for semesteret (ti samlingar og lunsj)**

FRELSESARMEEN

STØRST AV ALT

## DØDE

**Gol kyrkje:**
17.10.18 Per Steinar Haande f.1939
20.10.18 Marie Louise Engene f.1935
30.10.18 Mary Sofie Haugstad f.1930
08.10.18 Oddvar Christoffersen f.1940

**Herad kyrkje:**
05.11.18 Ragna Hovind f.1929
13.11.18 Per Otto Møllerplass f.1944
13.11.18 Jan Leif Norgrenn f.1935

**Hemsedal Kyrkje**
09.11.18 Karl Gjærde f. 1926


**GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS**
Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

**HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ**
Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

**JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS**
Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no


## Åpent hus
### formiddagstreff på Gol bedehus

Kl. 11.00-13.30

31. januar: Andakt ved Anne Bjørg Sato. Tema «misjonsarbeid i Myanmar» av Anne Berit Lagmannsgård.

28. februar: Andakt og fortelling fra misjonsarbeid ved Gunvor Kreken.

Hjertelig velkommen!

*Hilsen Åpent hus-komité og diakoniutvalget på Gol og Herad.*

## Baby Sang

**Onsdagar på Kyrkjestugo i Hemsedal kl 10-12**

For små babyar og litt større småbarn.
Vi syng og dansar, brukar rim og regler.
Gamle og nye barnesangar og sangleikar.
Etterpå et vi lunsj i lag, og det er tid til å leike.

**Datoar for vinter/vår 2019:**
16/1, 30/1, 13/2, 20/2, 20/3, 3/4, 24/3, 8/5 og 20/5

**Britt Marie Haraldset Hafsås, 951 22 136**

STØRST AV ALT

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

**2. desember – 1. søndag i adventstida.**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJESTUGU
Kl. 16.00/17.00
«Søndag for alle».

**4. desember – tysdag**
HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00/20.00
Ope kyrkje frå kl. 19.00
Taizebøn kl. 20.00

**5. desember - onsdag**
GOL KYRKJE KL.18.00
Adventstund. Frøyland. Skinnemoen. Menneske med nedsatt funksjonsevne deltek. Kyrkjekaffe på Gol Bedehus.

**9. desember – 2. søndag i adventstida**
HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Lys vaken gudsteneste. Nattverd. Osnes. Hafsås.
Takkoffer: Kyrkjebladet.

GOL KYRKJE KL.18.00
Adventskonsert. Vickery. Skinnemoen.
Takkoffer: Song- og musikkarbeidet

**11. desember – tysdag**
HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00/20.00
Ope kyrkje frå kl. 19.00
Taizebøn kl. 20.00

**15. desember - lørdag**
GOL KYRKJE KL.19.30
Julekonsert med Mads Belden – «Hjem til jul.»

**16. desember – 3. søndag i adventstida**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste, nattverd, Skinnemoen.
Takkoffer: Barne- og ungdomsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL 18.00
Adventskonsert.
Takkoffer: Song- og musikkarbeidet

**18. desember – tysdag**
HEMSEDAL KYRKJE KL.19.00/20.00
Ope kyrkje frå kl. 19.00
Taizebøn kl. 20.00

***NESTE KYRKJEBLAD***
*Nr. 1/2019 kjem ut i uke 6*
*Stoff sender ein til: oaalrust@online.no*
***innan 15. Januar***

**24. desember – 4. søndag i adventstida**
HELSETUNET KL.11.00
Juleandakt. Frøyland.

HERAD KYRKJE KL.14.30
Julaftengudsteneste. Skinnemoen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

GOL KYRKJE KL.16.00
Julaftengudsteneste. Skinnemoen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

BYGDAHEIMEN HEMSEDAL KL.12.00
Juleandakt. Osnes.

HEMSEDAL KYRKJE KL 13.30
Julaftengudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

HEMSEDAL KYRKJE KL 14.45
Julaftengudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

HEMSEDAL KYRKJE KL 16.00
Julaftengudsteneste. Osnes.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

LYKKJA KAPELL KL.15.00
Takkoffer: Lykkja kapell

**25. desember – Juledag**
GOL KYRKJE KL.12.00
Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Skinnemoen.
Takkoffer: Det norske misjonsselskapet

**26.  desember – 2.juledag**
HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Osnes.
Takkoffer: Det norske misjonsselskapet

**31. desember –  Nyttårsaftens**
GOL KYRKJE KL.16.00
Aftensang. Nattverd. Skinnemoen.
Takkoffer: Det norske misjonsselskapet

HEMSEDAL KYRKJE KL 23.00
Midnattsmesse. Osnes.
Takkoffer: Stefanusalliansen


Blomsterspira
**Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.**
**Du finner oss under SPAR, Gol**
**908 870 28 - blomsterspira@gmail.com**
**Blomsterspira** **Blomsterspira**


**6. januar – Kristi åpenbaringsdag**
HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Osnes.

**13. januar – 2. søndag i åpenbaringstida**
GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Skinnemoen.

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Osnes.

**20. januar – 3. søndag i åpenbaringstida**
HERAD KYRKJE KL. 11.00.
Gudsteneste. Nattverd. Skinnemoen.

**27. januar – 4. søndag i åpenbaringstida**
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Konfirmantane frå Hemsedal, Gol og Hol deltek
Nattverd. Osnes/Skinnemoen.

**3. februar– 5. søndag i åpenbaringstida**
GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Skinnemoen.

KYRKJESTUGO KL.16.00/17.00
Søndag for alle

**10. februar –18. søndag i åpenbaringstida**
HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Utdeling av 6-årsbok. Nattverd. Osnes. Hafsås.

HERAD KYRKJE KL. 19.00
Gudsteneste. Osnes.

## Juleverkstad

**Velkommen på juleverkstad for alle, store som små!**
**Laurdag 8. desember**
**kl. 13.30- ca 16.00**
**på Kyrkjestugu.**

Det blir julegåvelaging og adventskos. Julekake og adventsamling. Born under 8 år må ha med seg ein vaksen som kan hjelpe litt. Ta med ein pose der du kan legge tinga du lagar.

**Pris: 70 kr** **Velkommen!**
Arr: Hemsedal Normisjon





# Jul med gjenbruk

TEKST & FOTO: **KRISITNE VIKO**

**Nå som nettene blir lange og kulda setter inn, kan man glede seg til jul. Imens man venter på at snøen skal falle, kan det være fint å ha noe å finne på. Hva med å lage julepynt?**

Her kommer det tre enkle juledekorasjoner som ikke tar lang tid å lage. Hvorfor kaste gamle aviser og doruller, hvis du kan lage masse fin julepynt av det?

**Julestjerner av dorull**
Du vil trenge saks, doruller, lim, maling og pensel. Klipp opp en dorull slik at du får ca. 1 cm tykke ringer. Lim deretter ringene sammen, slik at de danner en stjerne. Her har jeg brukt 6 ringer og jeg har malt stjernen rød, men her er det bare kreativiteten som setter grenser. Du kan ha forskjellig tykkelse på ringene, du kan brette dem og du kan male stjernen i hvilken som helst farge.

**Bonboner**
Disse store bonbonene er laget av avispapir og doruller. Du vil også trenge lim og enten vanlig gavebånd eller stoffbånd. Ta en avisside og del den i to. Rull den rundt dorullen, og lim fast papiret til dorullen. Knyt bånd rundt endene på bonbonen. Ikke klipp båndet alt for kort, men la det henge litt ned fra selve bonbonen. Vil man sette et mer personlig preg på bonbonene kan man pynte med for eksempel forskjellig papir, paljetter eller glitter. Bonbonene kan enten brukes til dekorasjon, eller som julekalender. Hvis du vil lage en julekalender av dem kan du merke dem med tall fra 1 til 24, og ikke glem å putte noe inn i dorullen.

**Julekuler av papir**
Tegn en mal for kulen din. Det kan være en rund form, en avlang julekule (slik som på bildet), eller en klokkeform. Brett avispapiret mange ganger slik at du kan klippe ut mange former samtidig. Du trenger ca. 15 til 20 lag med papir for en kule. Pass på alle lagene er like store, og at de ligger nøyaktig oppå hverandre, før du syr dem sammen. Bruk en litt tjukkere nål og sy med enkle sting midt på figuren. Så kan du brette ut lagene og fordele dem rundt hele figuren. Til slutt fester du en tråd, et bånd eller hyssing mellom lagene, slik at du kan henge opp kulen din.





Miljøfyrtårn® PRODUSERT HOS H|T HALLINGDALTRYKK.NO